




Utbrudd av norovirus ved Sogndal helse og omsorgssenter

Fagdag i smittevern 7. mai 2025

Norovirus

- Smitter på fleire måtar:
 - nærdråpesmitte (små dråper som blir danna ved oppkast)
 - direkte smitte frå person til person(særleg via uvaska hender)
 - Indirekte smitte (via kontakt med forureina overflater)
 - Via forureina matvarer eller drikkevatt

I institusjon er person til person smitte den vanlegaste smitteformen.

Norovirus

- Ein smitta person er smittsom frå ein kort periode før symptoma startar til eit par dagar etter at symptoma er vekke.
- Symptoma varer frå 1 – 3 døgn
- Ingen behandling, berre lindring og forebygge komplikasjoner
- Norovirusutbrudd ofte i perioden oktober til april

Norovirusutbrudd ved Langtidsavdeling SHOS

- Langtidsavdeling har 19 bebuarar fordelt på to grupper. Personalet jobber mellom gruppene til vanleg
- Tirsdag 24.des.2024: starta med ein bebuar, oppkast og diarè. Isolerte bebuar og innførte smitteregime
- Fredag 27.des. nye tilfeller bebuarar og personal, smittetiltak er satt i gang
- 28.des. legg smittevernkontakt ut informasjon på teams ang håndhygiene og lagt fram prosedyrer for smitteregime slik at alle kan lese seg opp
- Mandag 30.des.: 4 smitta bebuarar og 4 personal vore sjuke, ute av karantene, 3 sjuke i karantene
 - Alle dei smitta bebuarane var på same gruppe(same side av avdeling)
 - Personalet går ikkje over gruppene og jobbar ikkje ved andre avdelingar på SHOS

Norovirusutbrudd ved Langtidsavdeling SHOS

2. Januar la ein ut info på teams:

Smittevern i avdeling ved utbrot av Norovirus

- «Pga smitteutbrot i 3. etg kjem ei påminning om rutiner og prosedyrer for institusjon i kommunen. Fyrst må ein rosa personalet ved Langtidsavdelingen som har klart å avgrense smitten til ei gruppe. Bra jobba!
- Ein har enno ikkje tatt prøvar, men utifrå symptom reknar ein me det kan vere utbrot av Norovirus og behandlar det som at det er det
 - Avlyste alle felles aktivitetar for bebruarane på Langtidsavdelingen»

Informasjon ut på teams ang. korleis forhalde seg ved utbrudd 2. januar 2025

Smittevern i avdeling ved utbrot av Norovirus

På smitteutbrot i 3. etg kjem ei påminning om rutiner og prosedyrer for institusjon i kommunen. Fyrst må ein rosa personalet ved Langtidsavdelingen som har klart å avgrense smitten til ei gruppe. Bra jobba!

Ein har enno ikkje tatt prøvar, men utifrå symptom reknar ein me det kan vere utbrot av Norovirus og behandlar det som at det er det.

Norovirus (2).pdf

Prosedyrer og rutiner finn ein i Kvalitetssystemet til Sogndal kommune under «Hygiene og smittevern» og på helse-forde.no – Samhandling – Smittevern for kommunehelsetenesta.

Me følger prosedyre for «Handtering av Norovirusinfeksjon og annan viral gastroenteritt»

- Smitten skjer primært via nærdråpesmitte og kontaktsmitte, samt indirekte via forureina overflater
- Bebuaren/pasienten skal vere isolert i 48 timar etter siste oppkast og diare. Personalet som blir smitta kan kome tilbake til jobb 48 timar etter siste oppkast/diare.
- Me nyttar smittefrakk, hanskar og munnbind i stell.
- Korleis kle på/av smittevernutstyr:

[Smittevern - YouTube](#) |

[2020 03 26 Gjenbruk av smittefrakk](#)

- Svært viktig med reinhald og desinfeksjon av alle kontaktpunkt. Me brukar Lifeclean.
- Ved kontakt med oppkast og diare er handvask med såpe og vatn anbefalt framfor desinfeksjonssprit. **God håndhygiene!**
- Ein prøver så langt det går å ha same personalet på gruppa med utbrot. Personalet her skal ikkje jobbe andre stader på SHOS

- Bebuar/pasient som er smitta kan ta imot besøk om pårørende er informert om smitte og forheld seg til rutinane våre. Dei kan då ikkje besøke nokon på dei andre avdelingane
- Obs handtering av mattralle: Desinfiser kontaktpunkt før ein kjører den ned til kjøkken.
- Ein treng ikkje bruke eingongsservice, men obs ta service, bestikk osv direkte frå rom (innpakka) og til oppvaskmaskin for direkte å sette den på. Eller om det fungerer kan ein vaske det fyrst i dekontaminatoren og deretter i oppvaskmaskina.
- Sekker med smittetøy og boss skal ha dobbeltemballering for det blir frakta til boss-/kjølerom og bryte smitteveg ved dørøpning(ein personal på pasientrommet og ein utanfor med sekk til boss eller tøy.) Dette for best mogeleg hindre smitteoverføring
- Husk å informere Reinhald om smittesituasjonen!

Spør om du er usikker på prosedyrene ved smitte! Me hjelper kvarandre for å avgrense smitte!

Norovirus utbrudd Langtidsavdeling

- **Onsdag 8.januar:**

- 1 bebruar sjuk 6.jan. og siste personal 1. jan.
- Oppsummert 5 bebruarar og 11 personal har vore sjuke til no
- Me håpa at no var det slutt! Men...
- Mandag 13.jan 1 bebruar med diare og oppkast
- Onsdag 15.jan 1 bebruar med oppkast
- Torsdag 16.jan 1 personal diare og oppkast
- Fredag 17.jan 1 bebruar diare og oppkast + 1 personal oppkast
- Mandag 20.jan oppsummert: tilsaman 9 bebruarar og 14 personal

Norovirus utbrudd ved langtidsavdeling

- 20.januar har leiinga møte saman med fagutviklingssjukepleiar, smittevernkontakt, smittevernoverlege Sogndal kommune og smittevernsjukepleiar Helse Førde:

Me stenger avdelinga for besøk. Kun besøk i særskilte høve.

Avdelingsleiar sender ut info til næraste pårørande

Plakatar på dørene inn til avdeling som informerer om stengt avdeling pga smitte

Personalet nyttar munnbind heile tida på jobb

Alle bebuarar et måltida på rommet

Informerer samarbeidspartar

SMITTE I AVDELING

Stengt for besøkande

I perioden 13. – 24. mars 2025

Me har smitteutbrot i avdelinga og må av den grunn dessverre holde stengt.

Ved spesielle høve opnar me for besøkande etter avtale med avdeling.

Ta kontakt med avdeling mobil **488 63 932**

Informasjon til personalet på teams om stengt avdeling og nye tiltak

Hei Alle sammen - framleis smitte i avdelinga - nye tiltak!

Me har i dag hatt møte med smittevernoverlege i kommunen og hygienesjukepleiar i Helse Førde. I møtet kom me fram til fleire tiltak for å redusere og stoppe smitten. Tiltaka vil gjelde frå i dag til onsdag 29 januar i første omgang.

- Stenger ned avdelinga for besøkande til og med 29 januar, vi opnar sjølvsaugt opp for besøk i enkelte situasjonar og etter avtale.
- Me avlyser aktivitetar med fysio/ergoterapeut, fotpleie, frisør og musikkterapeut inne i avdelinga i denne perioden.
- Pasientar på langtidsavdelinga deltek ikkje på Bingo, andakt eller andre aktivitetar i kantina i denne perioden.
- Legevisitt tysdag og torsdag: previsitt som normalt, deretter vurdere behov for tilsyn i avdelinga. Ved tilsyn må lege nytte munnbind og god handhygiene.
- Personalet i langtidsavdelinga skal so langt det let seg gjere berre arbeide i langtidsavdelinga. Nattevakter i langtidsavdelinga skal ikkje vere med hsp ut.
- Reinhold som vaskar i langtidsavdeling skal så langt det let seg gjere berre vaske i langtidsavdelinga i denne perioden for å unngå smitte til andre einingar. Må bruke munnbind i fellesareal inne i avdelinga.
- Sjukepleiar frå korttid (2.etg) må nytte munnbind dersom ein må opp i langtidsavdelinga.
- Vaktmeister kan gå inn i avdelinga med munnbind og utføre god handhygiene før og etter. Men om det er noko som kan utsettast gjere med det.
- Alle som går inn i avdelinga må bruke munnbind i fellesareal og vere ekstra nøyen på handhygiene(handvask – såpe og vatn). Det står munnbind ved inngangen. Hengt opp plakat for smitte i avdelinga ved inngangsdøra – ta kontakt med avdelinga på telefon.

|

- Bebuarane et måltida sine på rommet – Me nyttar eingongsservice, bestikk osv.
- Oppvask av bestikk og tutekoppar o.i kan vaskast i vanlig maskin, men frå smitterom skal alt via dekominator før det går i oppvaskmaskin.
- Mattralle frå kjøkken settast utanfor avdelinga (i hallen), personalet tek den inn og ut og vaskar kontaktpunkt med LifeClean.
- Bebuar kan sitte på fellesstove med god avstand – men ingen felles tilstellingar.
- Personalet brukar munnbind i avdelinga
- Smitterom heng me opp plakat ang på- og avkledding. Gå gjennom rutine med dine kollegaer slik at alle blir trygge på posedyren. Sjå demo, film: S25 NO CT YT 6sek Nonskip ShortHaul (ligg i teams)
- Alle kontaktpunkt på pasientrom og fellesareal – desinfiser med LifeClean. OBS reingjering før desinfisering der det er naudsynt. Bruk vaskeklut å vaske over før desinfisering.
- Hugs rein sekk utanpå boss (vanleg svart bossekk) og tøy frå smitterom (ta over gul tøysekk på gul smittesekk) før ein fraktar det til kjølerom.

- På smitterom brukar me munnbind, briller/visir, smittefrakk og hanskar. Vurder bel for skotrek og hårnnett.

Sender ut melding om informasjon til pårørande, vikarar og kjøkkenvertar. Les informasjon og hjelp kvarandre på vegen om å redusere smitten sammen 😊

Norovirus Langtidsavdeling smitte opphører

- **28.jan** Det har ikkje vore nye utbrudd i avdeling etter 20.jan. Planen er å opne avdelinga 29. januar.
- Informasjon ut til personalet, næraste pårørande, reinhald, kjøkken, fysio/ergo og teknisk(vaktmeister) om opphøyr av smitte
- Heng opp plakatar på dører inn til avdeling med oppmoding om ikkje besøke bebuarar om ein er eller har vore sjuk siste 48 timar

TIL BESØKANDE

Tiltak for å redusere/unngå smitte i avdeling:

- Har du vore sjuk- vent med besøk i 48 timar – om ikkje anna er avtalt med avdeling
- Bruk munnbind om du har symptom frå luftvegane
- God handhygiene med såpe og vatn før besøk

Ved **spørsmål**, ta kontakt med avdeling mob.**488 63 993**

Takk for at du tek omsyn!

Norovirus utbrudd ved Korttid-/Rehab.avdeling SHOS

- Avdelinga har 17 senger + 2 KAD fordelt på to grupper
- Mandag 3. mars fyrste pasient med diare og oppkast- smitteregime
- Torsdag 6. mars tre pasientar ila kveld/natt
- Pga erfaringar frå Langtidsavdeling velger ein å stenge avdeling frå 7. mars.
- Same prosedyre som ved langtidsavdeling. Ingen nye pasientar eller KAD pasientar

«Me har iverksatt følgende strakstiltak per nå:

1. Ekstra personale og unngå at personal jobber mellom avdelingene
2. Informasjon ved inngangen med at vi har smitte på avdelinga og at besøk må avtales
3. Informert fysio/ergo, reinhald, kjøkken, teknisk
4. Innfører bruk av munnbind
5. Avlyser felles aktiviteter

Norovirus utbrudd ved Korttid- /Rehab.avdeling SHOS

6. Får ferdig påsmurt mat

7. Kjøkken setter matvogna utanfor avdelinga

- Disse tiltaka tenkjer ein å gjennomføre fram til 13.mars
- Vanskeleg på korttid/rehab med pasientar som er oppegåande og kognitivt svekka. Vanskeleg å halde dei på romma og til dels avdeling.
- Personalet nyttar munnbind og kan ikkje jobbe andre stader (før det har gått 48 timer etter vore i avdeling.)
- Utbrudd på begge grupper slik at personalet jobbar på begge grupper, men prøver å avgrense kontakten på smitteromma.

Norovirusutbrudd ved Korttid/Rehab.avd.

- Tirsdag 11. mars har me to nye tilfeller med oppkast og diare
- Søndag 16.mars siste pasient med oppkast
- Mandag 24. mars melding frå einheitsleiar:

«Hei alle - da opphever vi smitteregimet på korttid/rehab avdelinga nå i ettermiddag. Godt jobbet alle sammen for god håndtering av utbruddet og smitteforebyggende tiltak

- *Nok en gang stor takk til alle dere på reinhold som har bidratt til å redusere smitteomfanget. Dere gjør en kjempeviktig og god jobb»*

Nokre erfaringar/refleksjonar

- Lett å vere etterpåklok!
- Oppkast og diare behandlas som smittsamt til motsatt er bevist
- Følg med på sjukdom i nærområdet og tenke forebygging
- Viktig med smittevernkontaktar som kan veilede arbeidet i avd. for å begrense smitte
- Ved første utbrudd tok det lang tid før ein fekk tatt ein prøve som bekrefta (men blei behandla som norovirus)
- God støtte/veiledning frå smittevernsjukepleiarar i Helse-Førde og smittevernlege i kommunen er engasjert
- Ser kor viktig det er med øving og undervisning i smittevern
- Vanskeleg å innføre god rutine å gå over alle kontaktpunkt i avd

Nokre erfaringar/refleksjonar

- Viktig å tenkje på at det kan vere andre årsaker til oppkast/diarè(eks bivirkning av nye medisiner)
- Utfordringar med kognitivt svekka pasientar/bebuarar
- Husk å informere alle samarbeidspartnere! Spes. reinhald
- Korleis blir smittevern fulgt opp på andre einingar som f.eks. teknisk?
- God effekt av tidleg nedstenging av avdeling(ved Korttid/rehab)
- Vanskeleg å skille personalet på faste grupper slik turnus er lagt opp
- Ikkje ta imot bebuarar frå anna avdeling